

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyring - ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Vi viser til dykkar brev datert 01.10.2014 der de sender utkast til forskrift på høyring.

Vi merkar oss at den nye forskrifta berre omtalar dei bedriftsretta midlane som vert forvalta av Innovasjon Norge og at midlar til tilretteleggingstiltak ikkje lengre er omfatta av forskrifta. Vi reknar då med at departementet gjennom oppdragsbrev vil kome med eigne føringar på bruken av tilretteleggingsmidlane.

Vi meiner det er ryddig med ei eiga forskrift for dei bedriftsretta midlane. Slik forskrifta er utforma legg ho ytre rammer for bruken av midlane. Vi oppfattar dette som romslege rammer som er i tråd med ønsket om regional tilpassing. Det er difor avgjerande at Regionalt næringsprogram no er forskriftsfesta (§2) som ein del av rammeverket for forvaltning av midlane.

Ansvaret for utarbeiding av Regionalt næringsprogram er lagt til Fylkesmannen, men dette skal skje i nært samarbeid med faglag, Innovasjon Norge, Fylkeskommunen og KS. Regionalt næringsprogram har ei viktig oppgåve med å fange opp regionale utfordringar og skape forståing for prioriteringar og avgrensingar ved tildeling av midlar.

Meir avgrensa i bruk av midlane - tilretteleggingstiltak

I §2 er tilskota no avgrensa berre til føretak i landbruket. Samstundes er høve til å gje tilskot til andre tiltak tatt vekk (§3). Vi oppfattar at det ikkje lenger er høve til å bruke midlar til utviklingsarbeid t.d. i regi av ein organisasjon og til fellesprosjekt for mobilisering og rådgiving. Med bakgrunn i den store omstillinga som skjer i landbruket, har det vore viktig med BU-midlar t.d. til bedriftsutviklingsprosjekt som «FRAM-Agro». Vi meiner det framleis må vere høve til slike bedriftsutviklingsprosjekt gjennom dei bedriftsretta midlane.

Dersom framlegget til avgrensing vert ståande, er det avgjerande for vidare omstilling i landbruket at potten med tilretteleggingsmidlar vert vidareført minst på dagens nivå.

§2. Tiltaksområder

Vi meiner det framleis bør stimulerast til fellestiltak og at ordlyden i første ledd med «føretak i landbruket» kan oppfattast for snevert. I omgrepet fellestiltak ligg både samarbeid mellom bedrifter og bedriftsutviklingstak i regi av organisasjonar.

Forslag til ordlyd:

..kan midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket gis til føretak i landbruket og fellestiltak som støtte til:

Vi oppfattar punkt a) til å omhandle investeringar der tiltaka kjem fram i §3 punkt 3-6. Etter vårt syn bør støtta ikkje berre vere avgrensast til oppgradering og modernisering. Her må det også vere rom for investeringsstøtte til utvikling av verksemder og til bygging av ny verksemd (t.d. planting av aprikos og singelfrysing av bringebær).

Forslag til ordlyd:

- a) Investeringar i samband med med etablering, nybygg, oppgradering og modernisering av driftsapparatet

Vi oppfattar punkt b) til å gjelde utviklingsarbeid både innafor tradisjonell husdyr- og planteproduksjon og andre bygdenæringar der tiltaka kjem fram i §3 punkt 1 og 2. Av første ledd går det fram at støtta berre skal gå til føretak i landbruket. Dersom dette vert tolka strengt kan det ikkje gjevast støtte til felles tiltak mellom føretak eller i regi av organisasjonar. Vi meiner ei slik avgrensing er uheldig.

§3. Tilskuddsgrupper og tilskuddsnivå

Etter vårt syn er dette ei oversiktleg opplisting av tiltaksområda der dei ytre rammene for tilskot er spesifisert.

§4. Søknad og utbetaling

Vi ser det som viktig at kommune framleis har ei rolle i forvaltninga av bedriftsretta BU-midlar og støttar ordlyden slik det kjem fram i forslaget.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Bjørn Harald Haugsvær
fylkesagronom

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.